

Sjøtroll for andre gong

25.03.2014

Onsdag skal utvidingsplanane til Sjøtroll Havbruk ved Skorpo behandlast for andre gongen i fovaltningskomiteen og rådmannen går igjen inn for den omsøkte plassering. Då saka var oppe i februar fall innstillingen til rådmannen med 4 mot 5 og det skjedde utan grunngjeving og nytt forslag til vedtak. Difor må saka opp att.

Rådmannen har same innstilling som sist. Han viser til at saka gjeld berre arealdisponeringa, altså ei planavklaring i høve til kommuneplanen.

Saka om auka biomasse vert behandla av andre instansar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen